

Er barnet mitt friskt nok til å vera i barnehagen??

04.08.2014

BARNETS ALLMENNTILSTAND

I utgangspunktet er det barnet sin allmenntilstand, dvs. korleis det søv, et og klarar å vere med i leiken, som skal avgjera om barnet kan vera i barnehagen. I tillegg må det vurderast om barnet skal vera heima for å unngå smittespreiing til andre.

Du har rett på 10 dagar permisjon med løn under barnets sjukdom. Dette gjeld både for mor og far (til saman 20 dagar) . Dersom du er åleine med omsorga for barnet ditt har du rett på 20 dagar. Ein må ha legeattest om fråveret går ut over tre dagar.

FØREBYGGJANDE TILTAK:

Spreiing av smittsame sjukdomar førebyggjar best ved gode rutinar for handvask for barn og tilsette, spesielt etter toalettbesøk, bleieskift og før handtering av mat. Regelmessig reingjering av felleleikar og forsvarleg behandling av blodsøl er også viktige førebyggjande tiltak.

FØREBYGGJA ULYKKER:

Statistikk viser at barn, i løpet av den tida dei er i barnehage, er utsette for færre ulykker enn andre barn. Tenk likevel på lange skjerf eller dyskar som pynt på kleda eller lange snorer på ryggsekk o.l då dette kan setja seg fast og føre til ulykke.

- **Generelle infeksjonar** skuldast dei fleste gongene virus. Virusinfeksjonar smittar som regel mest før og like etter at plagene har oppstått. Derfor har barnet ofte alt smitta sine leikekameratar når det blir oppdaga at eit barn er sjukt. Infeksjonar som skuldast bakteriar kan ha behov for behandling av antibiotika. Ved tvil kontakt lege\helsesyster
- **Barn med feber og akutt diaré \ oppkast skal vera heima frå barnehagen.** Barn skal ha minst ein symptomfri dag før dei kjem tilbake i barnehagen. Jamn tilførsel av små væskemengder er viktig då barnet kan tape mykje væske. Ved tvil kontakt lege\helsesyster. Allmenntilstanden?
- **Barn som er forkjøla, har hoste og andre luftvegsinfeksjonar** og ikkje orkar å vera med i vanleg leik og aktivitetar, bør haldast heima til dei er i betre form. Ved hoste utan feber kan barnet gå i barnehagen når allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig eller kraftig hoste bør barnet bli undersøkt for bl.a. kikhoste (ein kan få sjukdommen sjølv om ein er vaksinert). Kontakt fastlegen!
- **4.barnesjukdomen** blir barnet brått sjukt, får høg feber, men har få andre symptom. Etter 3-4 døgn kan ein sjå eit svakt raudt utslett på kroppen. Det er ein virussjukdom, og barnet treng inga behandling utanom feber nedsetjande. Allmenntilstanden?
- **5.barnesjukdomen** er eit samanflytande utslett i ansikt (raude kinn) og seinare resten av kroppen. Allmenntilstanden?
- **Augekatarr;** berre ved **kraftig** augekatarr med rikeleg pussdanning bør barnet mtp. smitte haldast heime. Føresette bør då oppsøkja lege for vurdering av behandling. Dersom behandling blir satt i gang, kan barnet gå i barnehage dagen etter.

- **Brennkoppar;** kan gå i barnehagen når såra er under kontroll, og at det ikkje lenger er fare for at smitteførande sår sekret kan overførast til andre barn og gjenstandar. Det er viktig med god tildekking av såra for å unngå smitte.
- **Har barnet ditt fått lus** er det særst viktig at de informerer barnehagen så raskt som råd. Det er viktig at rett behandling kjem i gang, og at foreldra tek ansvar for å informere dei barna har vore saman med den siste tida. Gå med håret samla!
- **Molluskar** skuldast virus, og barnet kan smitta seg sjølv når det klør. Det smittar skjeldan til andre og blir ofte lega utan behandling. Av og til kan ein skrapa dei bort. Barnet kan gå i barnehage.
- **Soppinfeksjon** i huda er vanleg. Det ser ut som ein rund flekk og vi kaller det "ringorm". Ein får soppdrepende salve hos legen. Barnet treng ingen isolasjon og kan gå i barnehagen.
- **Vannkoppar;** barn kan vende tilbake til barnehagen når utsletta har byrja å tørka inn
- **Øyreverk** er relativt vanleg i to til tre dagar ved forkjøling hos barn. Vanlegvis vil smertestillande (Paracet) vera tilstrekkeleg. Ved ukomplisert øyreverk kan barnet vera i barnehagen. Dersom allmenntilstanden tillet det kan barnet vende tilbake til barnehagen, sjølv om antibiotikabehandling nettopp er starta.

Nokre barn kan ha symptom som liknar akutt infeksjon, utan at det er noko som smittar. Det er viktig at du informerer barnehagen dersom barnet ditt har ein slik tilstand. Til dømes kan det vera symptom som tyntflytande avføring, fordi dei har sjukdom i tarmen eller allergi.

Ved tvil om informasjonen over kontakt din fastlege!

Venleg helsing

Dr. Jan John Hansen

Spesialist i allmenntilstand

Anita Haugstad Haugsjå

Helsesystem